

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

25/2848-

5. september 2025

Høyring - framlegg til ny forskrift om dokumentasjon og arkiv (arkivforskrifta)

Kultur- og likestillingsdepartementet sender på høyring eit framlegg til ny forskrift om dokumentasjon og arkiv (arkivforskrifta).

Stortinget vedtok våren 2025 ei ny arkivlov - lov 20. juni 2025 nr. 96 om dokumentasjon og arkiv (arkivlova). Den nye arkivlova inneheld i hovudsak prinsipp og overordna føringar, og ikkje detaljerte krav. Samstundes gir lova eit relativt vidt høve til nærare regulering i forskrift.

Framlegget til ny arkivforskrift som departementet sender på høyring nå, gir utfyllande reglar om forvaltninga av dokumentasjon og arkiv. Framlegget vil erstatte gjeldande forskrift 15. desember 2017 nr. 2105 om offentlege arkiv og delar av forskrift 19. desember 2017 nr. 2286 om utfyllende tekniske og arkivfaglige bestemmelser om behandling av offentlige arkiv (riksarkivarens forskrift).

Framlegget til ny forskrift vidarefører i stor grad dagens reglar, men med språklege forbetringar, forenklingar og tydelegare reguleringar av einskilde område. Forskrifta inneheld òg nokre reglar som er nye samanlikna med dagens reglar, mellom anna eit krav om at statlege organ som hovudregel skal avlevere arkiva sine digitalt. Målet med framlegget er å forenkle og modernisere regelverket for korleis arkiv skal sikrast, forvaltast og gjerast tilgjengelege.

Den nye arkivlova trer i kraft 1. januar 2026 og vil erstatte dagens arkivlov frå 1992. Departementet har som mål at ei ny arkivforskrift kan tre i kraft til same tid.

Vi ber om at høyringssvar blir levert i den digitale løysinga for høyringssvar på www.regjeringen.no/3116886.

Høyringa er open for alle. Høyringssvara er offentlege etter offentleglova og blir normalt publiserte på regjeringa sine nettsider.

Høyringsfristen er **1. november 2025**.

Med helsing

Eskil Andreas Askvig Havgar (e.f.)
avdelingsdirektør

Astrid Zachariassen
fagdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar